



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 30.03.2016  
Vår ref.: 2015/2147-295  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Ang. driftsstønad til institusjonar/organisasjonar innan kunst-, kultur- og idrettsfeltet over Hordaland fylkeskommune sitt budsjett - endring tilbake til årleg søknadshandsaming

Hordaland fylkeskommune innførte ei prøveordning med 3-årig driftsstønad til institusjonar/organisasjonar innan kultur og idrettsfeltet for perioden 2016 til 2018. Fylkestinget 8-9.mars i år vedtok å avslutte prøveordninga og gå tilbake til praksisen med årleg søknadshandsaming.

I den politiske saka (PS10/16 - <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=489>) vert bakgrunnen for å gå tilbake til årlege søknader og handsaming lagt fram. Det bygger m.a. på at det er eit lovkrav at fylkestinget kvart år skal vedta årsbudsjett for neste kalenderår. Endringar i dei økonomiske rammene kan medføre endringar i driftstilskota, og det same kan i prinsippet politiske omprioriteringar. Sjølv om ein på den eine sida kan leggje vekt på føremonane ved å sleppa å søkje, kan ein på den andre sida seie at kulturverksemdene ved ei treårig ordning vil vere avskorne frå å gje innspel til fylkespolitikken og dei politiske vurderingane som skal gjerast i budsjettarbeidet, der driftsstøtte til kultur- og idrettslivet er eit sentralt spørsmål.

Etter at ordninga med treårig driftsstøtte vart innført vart de orientert om at de i 2015 skulle søkje for perioden 2016 til og med 2018. Vanlegvis vil fristen for å søkje driftsstøtte vere 1.april, men grunna omleggingane har vi no i år sett **søknadsfristen for å søkje driftsstøtte for 2017 til 18.mai 2016**.

Elektronisk søknadsskjema vert tilgjengeleg på våre nettsider seinast 16.april.

Søknaden kan sjølvstilt følgje / byggast på tidlegare innsendt søknad, men det er også høve å søkje om anna sum enn omsøkt i den 3-årige søknaden og med oppdaterte prioriteringar.

I tildelingsbrev vart rapporteringsfristen sett til 1.april. Vi har utsett denne fristen slik at det er høve til å sende rapport og rekneskap som vedlegg til driftsstøttesøknaden.

Kontaktperson for driftsstøtteordninga er Irene Fredheim Kronen Tlf. 55 23 91 88, [irene.fredheim.kronen@hfk.no](mailto:irene.fredheim.kronen@hfk.no)

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør, kultur, idrett

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*